

Vår referanse	2021/6844-3
Dato	16.03.2021
Sakshandsamar	Trond Wahl
Telefon	40916223
E-post	Trond.olav.wahl@vlfk.no

Kvam Herad
Graovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Lingalaks AS - Søknad om etablering av ny lokalitet Ytre Samlen i Kvam herad

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av komplett søknad motteke 02.03.2021 frå Lingalaks AS om etablering av ny lokalitet for produksjon av matfisk av laks og aure ved Kvamsøy i Kvam herad.

Lingalaks AS søker med dette om å etablere anlegg for laks og aure ved lokalitet Ytre Samlen i Kvam kommune. Det omsøkte arealet er sett av til akvakulturføremål i gjeldande kommuneplan. Søknaden inneber ikkje kapasitetsauke, då Lingalaks ynskjer å flytte eksisterande produksjon på lokalitet Djupevika og Rossholmen til ny lokalitet.



Figur syner omsøkt plassering

Det er bestilt ein ROV undersøking av området, denne vert ettersend når undersøkinga er klar.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Søkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysning.

Vestland fylkeskommune ber om at Kvam herad vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

Trond Olav Wahl
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift